

Ny merking av villrein i Nordfjella

Villreinutvalet for Nordfjella informerer om at det no er utført radiomerking av nye dyr i Nordfjella villreinområde. Merkinga skjer i regi av "Villreinprosjektet i Langfjella," der NINA er ein sentral aktør, saman med m.a. den lokale villreinforvaltinga.

Planen var no å merka 7 nye simler i Nordfjella med GPS/GSM-halsband. Dei 8 sendarane som vart påsette for 2 år sidan skal samlast inn seinare i vinter, med hjelp av ein radiostyrt "drop-off"- mekanisme.

Den 23. februar starta ein opp med merking. Denne dagen vart det merkt to dyr; eitt ved Nyborg i Lærdal og eitt i Gudmedalen i Flåm. Det vart nytta helikopter frå Air Lift, og bedøvinga vart utført av Øystein Os, som truleg er den veterinæren i landet som har mest erfaring frå denne typen oppdrag.

Ein del skodde i deler av villreinområdet gjorde at nokre flokkar ikkje var aktuelle for merking denne dagen. Den 26. februar fekk ein betre forhold. Det vart då merkt 4 nye dyr - 3 i Borgundsfjella og eitt ved Tarven (Flåmsdalen). Til saman er det no påsett 6 nye sendarar i Nordfjella.

Dei nye halsbanda som er påsette i Nordfjella er gule, medan dei som vart påsette i 2007 er raude.



Simle nr. 36, merkt ved Nyborg i Lærdal den 23. februar.

Aurland, den 4.3.09

Villreinutvalet for Nordfjella